

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 08.06.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 22/21

Søknad frå jaktlaget til Birger Underdal om å få redusert kvote på hjort jaktfelt 1.

Saksopplysning:

Jaktlaget som Birger Underdal er leiar for fekk tildelt jaktfelt 1 i Nordheimsdalen i 2 år i fjor. Kvoten vart sett til 6 dyr ein auke på 2 dyr frå førre periode, men prisen blei redusert med 500.- kr. pr. løyve slik at kostnaden vart den same som året før.

Jaktlaget til Birger Underdal meiner det er urealistisk å fella 6 dyr. I fjor vart det registrert 26 jegerdagar på dette jaktlaget og dei såg 8 dyr, (her kan dei same dyra ha blitt rapportert fleire dagar). Så innsatsen var god men dei klarte ikkje fella noko.

Saksutgreiing:

Aurland fjellstyre auka kvoten i fjor fordi ein i kommunane rundt Nordfjella sone 1 er pålagde å meir enn halvera bestanden av hjort og elg på grunn av faren for spreining av CWD. Reduseringa av bestanden er godt i gang og me ser mindre dyr no enn me gjorde for nokre år sidan. Dette i lag med veret kan nok gjera att jegrane ser mindre hjort i lågtliggende områder tidleg i jakta. Men det vil truleg vera galt signal å gje til andre om Aurland fjellstyre no byrjar å tildela færre dyr i ei tid der ein er oppmoda om å skyta meir. Prisen pr. fellingsløyve vart og redusert i fjor slik att kostnaden med å leige jakta er den same no som i førre utleigeperiode.

Når me lyste ut jakta i fjor var det 8 jaktlag som søkte på jaktfelt 1 i Nordheimsdalen.

Det er eit krevande terreng å jakte i, dei fleste jaktlaga som er der ute treng eit år på å bli kjende og få til effektive jag.

Forslag til vedtak:

Aurland fjellstyre avslår søknaden frå jaktlaget til Birger Underdal om å få redusert kvote i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen 2021. Grunna att det er eit krevjande terreng å jakte i, og dei fleste jaktlaga som er der treng eit år på å bli kjende og få til effektive jag.

Fjordsenteret 3. juni 2021

Håkon Øydvin
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

Vedlegg: Søknad frå Birger Underdal

Fra: Birger Underdal <Birger.Underdal@statnett.no>
Sendt: mandag 17. mai 2021 20:18
Til: Aurland Fjellstyre <aurland@fjellstyrene.no>
Emne: Jakt i Nordheimsdalen 2021.

Søknad om mulegheit for å løysa ut eit mindre antall dyr enn 6.

Vi har nettopp holdt jaktmøte i jaktlaget vårt for haustens jakt i Nordheimsdalen.

Det er ikkje til å leggja sjul på at vi var nokså skuffa over at det ikkje lukkast oss å fella nokon dyr i fjor til tross for stor innsats.

Vi har stilt oss spørsmålet om det verkeleg er realistisk med å fella 6 dyr. I fjor så såg vi 3 dyr og berre eitt av dei var innom post.

Ynskjer med dette å søkja om det er muligheit for å løysa ut eitt mindre antall dyr for deretter å be om utvidelse dersom jakta går godt.

Ein utvidelse, teinkjer eg då må kunna gjerast berre ved å ta ein telefon til ein i Fjellstyret.

Eg understrekar at mitt mål er at vi skal skyta heile kvoten.

Mvh
Birger